



Til kommunene i Hordaland

## Informasjonsbrev om startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpassing i 2019

Husbanken takkar for viktig innsats og godt samarbeid i 2018. Ved aktiv og god bruk av dei personretta verkemidla bidrar kommunane til ein betre busituasjon for vanskelegstilte, og til å betre oppvekstvilkåra for barn. Vi ser fram til eit vidare samarbeid i 2019.

I dette brevet informerer vi om rutinar og fristar for søknad om startlån, tilskot til etablering og tilpassing, samt rapportering. I tillegg informerer vi om mål og prioriteringar og det som er nytt i 2019.

### Aktiviteter og fristar i 2019

Aktivitet	Frist
Søknad om startlån og tilskot for vidaretildeling	31.01.2019
Årsrapportering på bruk av startlån, tilskot til etablering og tilpassing	<b>04.02.2019</b>
Rapportere bruken av startlån, tilskot til etablering og tilpassing	Fortløpande
Innsending av retningslinjene til kommunen	Berre ved endring

### Ny digital søknad for kommunen

Husbanken lanserer digital søknad for vidaretildelingsmidlar for 2019. Denne erstattar dagens papirskjema. Den digitale søknaden finn de på Husbanken.no - <https://husbanken.no/startlaan/kommune>. For programkommunane er søknaden ein del av behovsmeldinga.

For å kunne ta i bruk digital søknad må de opprette nødvendige rolletilgangar i Altinn. Dette utførast av ein person i kommunen med rollen tilgangsstyring. Dersom dette ikkje er dykk må du kontakte rett person for følgjande tilgangar:

- Den som skal fylle ut må tildelast rollen som utfyllar/innsendar.
- Den som skal sende inn må tildelast rollen «*begrenset signeringsrett*».

Dette er nærare beskrive på Altinn.no - <https://www.altinn.no/hjelp/profil/roller-og-rettigheter>.

### Husbanken tildeler heile ramma det er søkt om for startlån i ei utbetaling

De må søkje om ønsket total låneramme for heile året innan fristen. Unntaksvis kan de søkje om startlånmidlar etter fristen. Tildeling føreset då at Husbanken har tilgjengelege midlar.

### Startskudd – saksbehandlarløysing for startlån og tilskot

Frå 01.01.2020 vil Startskudd bli obligatorisk for alle kommunar. Vi oppmodar alle til å ta Startskudd i bruk no.

Alle kommunar har tilgang til Startskudd og kan saksbehandle og fatte vedtak i denne løysninga. Her blir òg alle data for kvar einskild sak samla, noko som gir god oversikt og effektiv saksbehandling fram mot endeleg vedtak.

## Årsrapportering

Alle kommunane i landet må årsrapportere i Startrap. Kommunane skal rapportere på påslag, storleik på tapsfondet og avkasting. Systemet for rapportering blir opna **02.01.2019**.

Det er verdt å merke seg at Husbanken hentar utbetalte startlån/tilskot både frå Startskudd, Startsak og Startrap.

## Fortløpande rapportering

Ved bruk av Startskudd:

Alle positive vedtak i saksbehandlarsystemet Startskudd må registrerast som utbetalt for at saka skal bli rapportert til Husbanken. Avslag som er gitt i Startskudd blir automatisk innrapportert til Husbanken.

Ved bruk av Startsak

Det gamle saksbehandlarsystemet Startsak hentar rapporteringa automatisk ved status avslag og utbetalt.

Ved bruk av andre system

Brukar de ikkje Startskudd eller Startsak skal de rapportere fortløpande på avslag og utbetaling i Startrap. Rapporteringa gjeld for både startlån og tilskot.

## Arkiv

Kommunen har plikt til å arkivere, men Startskudd er ikkje ei arkivløysing. KS brukar løysinga KS SvarlInn som kan koplast opp mot Startskudd slik at journalpostane automatisk kjem inn i kommunen sitt arkiv. Alle meldingar frå søkjar og saksbehandlar, ettersendte vedlegg og vedtaksbrev vil kome rett inn i kommunen sitt arkiv.

Husbanken har fått fleire tilbakemeldingar frå kommunar om at det blir veldig mange journalpostar. Løysinga vil på sikt bli betre slik at søknadsdokumentet, med vedlegg, vedtaksbrev, ettersendt- og opplasta vedlegg, blir fortløpande arkivert. Alle andre poster blir arkivert samla ein gong per månad.

## Endring av retningslinjer

Nokre kommunar har eigne retningslinjer for tildeling av startlån og tilskot. Dersom desse retningslinjene blir endra i 2019, må de sende den nye versjonen til Husbanken.

## Kva er nytt i 2019?

Husbanken lanserer digital søknad for vidaretildelingsmidlar for 2019. Denne erstattar dagens papirskjema.

Ekstranettet blir erstatta av HIT (Husbankens Innloggende Tjenester). Etter planen vil dette skje i første kvartal 2019. Nærare informasjon vil bli gitt når lanseringsdato nærmar seg.

Husbanken vil sende ut eit eige tilsegnsbrev for startlån så snart søknadane er motteke og den totale ramma for startlån i 2019 er klar. Tilsegn om tilskot blir sendt ut så snart behova er vurdert.

## Frå 2020 overførast dei personretta tilskota direkte i kommuneramma

Stortinget har vedteke å innlemme tilskot til etablering og tilpassing, samt tilskot til utgreiing og prosjektering i kommuneramma. Eksisterande bustøttelov blir utvida med eit eige kapittel II som omhandlar tilskota. Frå 1.1. 2020 må kommunane sjølv sørge for kartlegging av behov, budsjettering, samt å inkludere tilskota i bustadplanlegginga si. Meir informasjon kjem i 2019.

### **Bruk av tilskot i 2019**

Husbanken ønskjer å sikre at mest mogeleg av årets ramme for tilskot til etablering og tilpassing vert nytta i løpet av året.

Iverksetjing av følgjande tiltak:

- Kommunar som har meir restmidlar enn forbruket for i 2018, får ikkje tildelt nye midlar til tilskot til tilpassing eller etablering.
- Kommunar som brukte mindre i 2018 enn det dei har fått tildelt, må dokumentere behovet.
- Programkommunar vil bli prioritert, men vil ikkje bli tildelt midlar dersom dei har eit større beløp restmidlar og ikkje kan vise til behov.
- Kommunar med store ubrukte midlar blir følgt opp i løpet av året.
- Deler av tilskotsramma haldast attende slik at kommunar som har brukt opp midlane sine i løpet av første halvår, og som har udekte behov, kan søkje om meir midlar.

### **Startlån og tilskot til etablering – føringar og prioriteringar**

Startlån og tilskot til etablering skal bidra til at husstandar med langvarig bustadfinansieringsproblem skal kunne skaffe seg ein eigna bustad og behalde den.

Prioriterte grupper er:

- Barnefamiliar med behov for eigna og stabil busituasjon skal utgjere minst 50 prosent av dei totale tala på husstandar på landsbasis.
- Personar som bur i kommunal bustad.
- Personar som står i fare for å miste bustaden og som klarar å behalde bustaden ved refinansiering.
- Personar med lav, men stabil og føreseieleg inntekt, som ikkje har mogelegheit for å spare opp eigenkapital.

Ved behov for tilskot anbefalar Husbanken å nytte fast rente med bindingstid på 10 eller 20 år og nedbetalingstid på inntil 50 år.

Ved fordeling av midlar prioriterer Husbanken kommunar som deltar i Husbankens kommuneprogram og kommunar med dei største bustadsosiale utfordringane. Husbanken vektlegg òg kva kommunen har av midlar igjen ved årsskiftet.

### **Tilskot til tilpassing – føringar og prioriteringar**

Tilskotet skal bidra til at personar med behov for tilpassa bustad får nødvendig finansiering. Det skal òg bidra til å auke tilgjengelegheita i bustadmassen. Ved tildeling av tilskot i 2019 gjeld desse prioriteringane:

- Minst 50 prosent av tilsegna på landsbasis skal gå til familiar som har barn med nedsett funksjonsevne.
- Husstandar med nedsett funksjonsevne og svak økonomi.
- Husstandar med nedsett funksjonsevne og normal økonomi.
- Eldre som ønskjer å leggje til rette for framtidige behov for tilpassing, slik at dei kan bli buande heime lenger.

### **Midlar til tapsfond?**

Tapsfond skal sikre kommunen mot økonomiske tap på startlån. Kommunen kan søkje Husbanken om å sette av delar av tildelt tilskot til etablering i tapsfond. Kommunar som ikkje mottar tilskotsmidlar i 2019, kan òg søkje om å få sette av midlar til tapsfond. Søknaden sender de til det regionskontoret i Husbanken som kommunen tilhøyrar. Det er ikkje laga ikkje eit eige søknadsskjema for denne ordninga. Meir informasjon finn du i [retningslinjer om tapsdeling](#).

[tapsfond og administrering av startlån](#). Frå 1.1.2020 må kommunane sjølv setje av tilstrekkeleg med midlar til tapsfond.

### **Utbetaling**

Tilskot blir utbetalt fortløpande etter tildelinga. Husbanken utbetaler startlånet etter at vi har motteke underskriven låneavtale, kommunestyrevedtak og eventuelt fylkesmannen sin godkjenning.

### **Kunngjering**

Ordningane skal kunngjerast i lokalaviser og på kommunen sine nettsider. Dette gjeld òg startlån, slik at denne ordninga blir betre kjent.

Helsing  
HUSBANKEN

Bjarte Bøe Alræk  
Avdelingsdirektør

Britt-Nina Fløysand Borge  
Seniorrådgiver